64 I mandatet til både Straffeprosesslovutvalget (oppnevnt ved kgl.res. 20. juni 2014) og Forvaltningslovutvalget (oppnevnt ved kgl.res. 23. oktober 2015) er det lagt inn føringer for å sikre et klart og enkelt språk i lovforslaget som gir brukervennlige regler også for andre enn jurister, men det er ikke sagt noe om målformen.

Fire store lover i 1999,<sup>65</sup> to i 2011,<sup>66</sup> to i 2014<sup>67</sup> – alle disse sentrale lovene er gitt på bokmål. I 2015 kom omsider to mindre lover på helseområdet på nynorsk: transplantasjonslova og obduksjonslova.<sup>68</sup> Innenfor diskrimineringslovgivningen ble det i 2013 vedtatt fire lover om forskjellige diskrimineringsgrunnlag<sup>69</sup> – alle på bokmål. Så å si all lovgivning om ny teknologi – både datateknologi og bioteknologi – er på bokmål. Finanslovgivningen er enda et ekstremområde. Finans, forsikring, børs, verdipapirhandel – så å si alle lovene på dette området er på bokmål. Det samme gjelder pensjonslovgivningen. På disse områdene bør det settes inn et støt for nynorsk lovspråk ved første anledning.

---

65 Lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetjenesten m.m. (spesialisthelsetjenesteloven), lov 2. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven), lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven) og lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven). Pasient- og brukerrettighetsloven hadde da den ble vedtatt, tittelen *lov om pasientrettigheter (pasientrettighetsloven)*. Tittelen ble endret ved lov 24. juni 2011 nr. 30.

66 Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven) og lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

67 Lov 20. juni 2014 nr. 42 om behandling av helseopplysninger ved ytelse av helsehjelp (pasientjournalloven) og lov 20. juni 2014 nr. 43 om helseregistre og behandling av helseopplysninger (helseregisterloven).

68 Lov 7. mai 2015 nr. 25 om donasjon og transplantasjon av organ, celler og vev (transplantasjonslova) og lov 7. mai 2015 nr. 26 om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning (obduksjonslova).

69 Lov 21. juni 2013 nr. 58 om forbud mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering), lov 21. juni 2013 nr. 59 om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven), lov 21. juni 2013 nr. 60 om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringsloven om etnisitet) og lov 21. juni 2013 nr. 61 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven).

# Arbeidet med den nynorske versjonen av Grunnlova

*Eirik Holmøyvik og Bård Eskeland*

## 1 Innleiing

Den 31. mai 2012 oppnemnde Stortingets presidentskap eit utval med Hans Petter Graver som leiar. Utvalet skulle «utarbeide nye, språklig oppdaterte versjoner av Grunnloven på bokmål og nynorsk». I løpet av nokre hektiske sommarveker i 2012 utarbeidde utvalet to språkversjonar av Grunnlova, ein på bokmål og ein på nynorsk.<sup>1</sup> Som vi skal kome tilbake til, var det berre nynorskversjonen som vart vedteken, medan bokmålsversjonen frå utvalet vart forkasta til fordel for Finn-Erik Vinjes bokmålsversjon. I dag er det altså slik at Grunnlova, men ingen andre lover, finst i to jamstilte språkversjonar.

Innlegget vårt er delt i tre: fyrst ein bolc om sjølve arbeidet med dei nye tekstversjonane av Grunnlova og om den politiske prosessen, så ein bolc om dei to språkversjonane som vart vedtekne den 6. mai 2014, og til sist ein bolc om særtekk ved den nynorske språkversjonen.

### 1.1 Bakgrunn

Kvifor skulle språket i Grunnlova moderniserast? Utgangspunktet var at Grunnlova fram til 6. mai 2014 var på forelda dansk. Språket vart lett modernisert i 1903, men det var framleis i røynda dansk. Dette har skapt ein del praktiske problem på Stortinget. Både regjeringa og stortingsrepresentantane kan føreslå grunnlovsendingar, men dei siste tiåra er det berre stortingsrepresentantar som har gjort det. Då var det ugreitt at ingen stortingsrepresentantar meistrar grunnlovsspråket. Det har truleg skapt ein unødvendig høg terskel for å føreslå grunnlovsendingar. Ein har måtta hente inn eksterne konsulentar for å setje framlegga frå representantane om til grunnlovsspråket.

Den aukande avstanden mellom moderne norsk og grunnlovsspråket har gjort Grunnlova stadig vanskelegare å lese, om ikkje for alle juristar, så iallfall for folk flest. Det var eit viktig politisk motiv for å få vedteke

---

1 Dokument 19 (2011–2012) Rapport til Stortingets presidentskap fra Grunnlovsspråkutvalget om utarbeidelse av språklig oppdaterte tekstversjoner av Grunnloven på bokmål og nynorsk

to moderne grunnlovsversjonar i 2014. Kontroll- og konstitusjonskomitéen skreiv i 2012 at det var eit ønske at Grunnlova skulle bli «et enda mer levende dokument i det norske folkestyret».<sup>2</sup> Dei kalla moderniseringa eit demokratiprojekt. Grunnlova er den lova som inneheld sjølve spelereglane for demokratiet, og ho er den lova som har høgast rang i lovverket. Ho er folket si lov, og ho burde vere leseleg for folk. Det vart ho ikkje før våren 2014. Ein utløyssande faktor var grunnlovsjubileet i 2014. Å modernisere grunnlovsteksten skulle vere Stortingets jubileumsgåve til folket. Det enda nesten med havari, for det var lenge uvisst om moderniseringa kom til å bli vedteken.

Ein kan spørje seg om det var juridiske behov for å modernisere grunnlovsteksten. Strengt teke må svaret bli nei, sidan juristar har vorte trenar i å lese denne gamle, rare teksten og i å tolke han. Det var ikkje eit direkte rettstryggleiksproblem at Grunnlova var på dansk. Men det ville likevel vere verdfullt å få fram kor relevant Grunnlova er, at ho inneheld moderne, verkande og viktige rettsreglar og ikkje, slik somme trur, berre er eit reint historisk dokument som vi kostar støvet av på 17. mai. Grunnlova er ei meir moderne lov enn ho gav språkleg inntrykk av. Over 300 gonger har ho vorte endra etter 1814, og ho inneheld mange nye paragrafar. Bevisstgjerings og aktualisering var altså viktige grunnar til å modernisere grunnlovsspråket.

## 1.2 Kort om moderniseringsprosessen

Så litt om bakgrunnen for denne prosessen, som formelt tok til i 2008, då språkprofessor Finn-Erik Vinje på privat basis utarbeidde eit framlegg til ein modernisert bokmålstekst og fekk med seg stortingsrepresentant Carl I. Hagen.<sup>3, 4</sup> Dette framlegget vart fremja på Stortinget 30. september 2008, men vart avvist av Stortinget 21. mai 2012. Grunngevinga var at det ikkje låg føre nokon nynorsk tekstversjon. Skulle ein fyrst setje Grunnlova om til moderne norsk, måtte det gjerast til begge dei offisielle målformene. På same møtet vedtok Stortinget med 151 mot 12 røyster å be «Presidentskapet bidra til å få utarbeidet oppdaterte språklige versjoner av Grunnloven på bokmål og nynorsk».

---

2 Innst. 276 S (2011–2012)

3 Dokument nr. 12:16 (2007–2008) Grunnlovsforslag nr. 16. Grunnlovsforslag fra Carl I. Hagen og Finn-Erik Vinje, vedtatt til fremsettelse av Carl I. Hagen

4 Vinje hadde lenge arbeidd med grunnlovsspråket, og alt i 2002 gav Stortinget ut hans bok *Frihetens palladium - i språklig belysning. Om språket i Grunnloven*.

Dette vart det såkalla Graverutvalet, med Hans Petter Graver (professor i juss og då dekan ved Universitetet i Oslo) som leiar. Dei andre medlemmene var Eirik Holmøyvik (då fyrsteamanuensis i juss ved Universitetet i Bergen), Kyrre Grimstad (då spesialrådgjevar i Stortingets administrasjon), Bård Eskeland (rådgjevar i Språkrådet) og Øystein Baardsgaard (då rådgjevar i Språkrådet) – til saman tre juristar og to filologar. Utvalet leverte sin rapport med ein bokmålsversjon og ein nynorskversjon 17. september 2012, slik at dei to versjonane kunne fremjast som grunnlovsframlegg innan fristen, som var 30. september.<sup>5</sup> Innan utgangen av september kom det to framlegg til. Høgre og Framstegspartiet sette fram Vinjes bokmålsversjon.<sup>6</sup> I tillegg sette dei fram Graverutvalets nynorskversjon som eit separat framlegg.<sup>7</sup> Stortinget måtte difor våren 2014 ta stilling til tre ulike grunnlovsframlegg om språkleg endring. Vi skal ikkje gå mykje inn på den politiske debatten og intrigane rundt denne uryddige prosessen, men det enda med at Stortinget som eit kompromiss vedtok Vinjes bokmålsversjon og Graverutvalets nynorskversjon.

Til sist fekk vi altså to heilt ulike tekstversjonar, og noko heilt anna enn Stortinget tenkte seg i 2012. Spørsmålet blir då om dei to språkversjonane vi har i dag, eigentleg heng saman. Og for å gjere det heile endå meir komplisert har Grunnlova per i dag faktisk tre ulike språkstilar: Den fyrste stilen finn vi i Finn-Erik Vinjes bokmålsversjon, som er ei veldig lett revidering av den danske teksten frå 1903. I terminologi og syntaks er teksten lite modernisert, medan sjølvje ortografien er moderne. Stilen er nærmast så konservativ som det er mogleg å få til innanfor dagens forvaltningsprosa (Vinje kallar dette «moderat-konservativt bokmål»<sup>8</sup>). Den andre stilen finn vi i eit nytt kapittel om menneskerettar i Grunnlova, med åtte-ni nye paragrafar. Kapitlet vart vedteke av Stortinget 13. mai 2014. Desse paragrafane var det Graverutvalet som sette om til bokmål, i same stil som bokmålsversjonen til utvalet. Den tredje stilen finn vi i nynorskversjonen til Graverutvalet.

---

5 Dokument 12:25 (2011–2012) Grunnlovsforslag 25. Grunnlovsforslag fra Marit Nybakk, Martin Kolberg, Jette F. Christensen, Hallgeir H. Langeland og Per Olaf Lundteigen om vedtak av Grunnloven på tidsmessig bokmål og nynorsk

6 Dokument 12:21 (2011–2012) Grunnlovsforslag 21. Grunnlovsforslag fra Anders Anundsen, Per-Kristian Foss, Carl I. Hagen, Michael Tetzschner og Finn-Erik Vinje, vedtatt til fremsettelse av Anders Anundsen, Per-Kristian Foss og Michael Tetzschner om språklig fornyelse av Grunnloven

7 Dokument 12:22 (2011–2012) Grunnlovsforslag 22. Grunnlovsforslag fra Anders Anundsen og Per-Kristian Foss om en nynorsk versjon av Grunnloven

8 Finn-Erik Vinje: «Grunnloven i ny språkdrakt», Statsspråk 3/2014, s. 1–2

### 1.3 Eit arbeidsuhell med nynorskversjonen

Diverre er den vedtekne nynorskversjonen av Grunnlova ikkje identisk med framlegget frå Graverutvalet. Då Grunnlova vart vedteken på nynorsk, skjedde det på grunnlag av grunnlovsforslag 22 (Dokument 12:22 (2011–2012)) frå Anders Anundsen (FrP) og Per-Kristian Foss (H). Dei fremja nynorskversjonen som eit separat framlegg for å få vedteke Vinjes bokmålsframlegg samstundes. Uheldigvis byggjer framlegget frå Anundsen og Foss på eit tidlegare utkast frå Graverutvalet som sirkulerte på Stortinget. Som tillegg til denne artikkelen følgjer ei oversikt over skilnadene mellom framlegget frå Graverutvalet og den vedtekne nynorskversjonen. Dersom framlegget frå Graverutvalet skal vedtakast, må endringane fremjast på nytt som eige grunnlovsframlegg.<sup>9</sup>

### 1.4 Uheldige skilnader mellom dei vedtekne grunnlovsversjonane

Dei to versjonane frå Graverutvalet var «tvillingar», med harmonerande struktur og ordval. No er nynorsktvillingen vedteken i kombinasjon med Vinjes bokmålsversjon. Dimed har vi fått ein misklang som ikkje har grunnlag i skilnad mellom målformene, men som kjem av ulike tilnærmingar. Handteringa av *skal* og *bør* er eit viktig døme. I den opphavlege teksten<sup>10</sup> stod det i § 100 fyrste avsnitt «Ytringsfrihed **bør** finde Sted». Alle juristar har lært at i grunnlovsspråket skal *bør* ofte forståast som ‘skal’ fordi ordet *bør* i 1814 juridisk var meint som eit påbod. I den vedtekne bokmålsversjonen står det framleis «Ytringsfrihet **bør** finne sted», medan nynorskversjonen har det juridisk korrekte «Ytringsfridom **skal** det vere». Dette kan sjåast som eit juridisk problem. Utgangspunktet for all lovtolkning er at ordlyden skal lesast i samsvar med den naturlege språklege forståinga. Når bokmålsversjonen elles har moderne rettskriving og langt på veg moderne ordval, så er det rimeleg å rekne med at «*bør*» skal lesast som ‘*bør*’ i den vanlege tydinga i dag, og ikkje som ‘skal’. Om ein godtek påstanden om at bokmålsversjonen er modernisert, blir den same versjonen altså juridisk misvisande. Det same mishøvet finn vi i den viktige regelen i § 105 om oreigning og kravet om fullt vederlag. I bokmålsversjonen står det «**bør** han eller hun ha full erstatning»,

---

9 Eit slikt framlegg vart fremja 30. september 2016: Dokument 12:20 (2015–2016) Grunnlovsforslag 20. Grunnlovsforslag fra Martin Kolberg, Jette F. Christensen og Gunvor Eldegard om språklige justeringer i enkelte paragrafer i Grunnloven på nynorsk.

10 Med den opphavlege teksten meiner vi her Grunnlova slik ho låg føre då Graverutvalet arbeidde med sin rapport.

medan nynorskversjonen har «**skal** ho eller han få fullt vederlag». Dette mishøvet finn vi også i § 121 om grunnlovsending.<sup>11</sup>

Dei to versjonane skil diverre òg lag i terminologi og annan omgrepsbruk. Eit døme er § 26, som på bokmål seier at «Kongen har rett til å [...] inngå og oppheve **forbund** [...]», medan nynorskversjonen seier at «Kongen har rett til å [...] inngå og seie opp **folkerettslege avtaler** [...]». *Folkerettslege avtaler* er den moderne juridiske termen. Det gamle omgrepet *forbund* er rett nok ikkje gale, berre umoderne og no ute av bruk på dette området. Vi kan med det same nemne ordet *deliberasjon*, som finst fleire stader i bokmålsversjonen. I § 76 i nynorskversjonen er dette endra til «vurdering» (i andre avsnitt) og «behandling» (i tredje avsnitt). Den einaste endringa i bokmålsversjonen er at stavemåten *Deliberation* er modernisert til *deliberasjon*. Vi kjem tilbake med mange døme på at terminologien er modernisert berre i nynorskversjonen.

At dei to vedtekne versjonane ikkje er utarbeidde parallelt, har òg ført til uheldige skilnader i setningsinndelinga i nokre paragrafar. Nokre paragrafar i Grunnlova hadde fleire innskotne leddsetningar, som var med på å gjere teksten unødig komplisert. I Graverutvalet ønskte vi å gjere noko med dette. I minst ti paragrafar delte vi opp setningar og sette inn nye punktum på same stad i dei to versjonane. Sidan Vinjes bokmålsversjon ikkje har desse punktuma, er det fleire stader i dei vedtekne versjonane vorte problem med referansar til paragrafane. Eit døme på det er § 64:

---

11 I dag lyder § 121 (tidlegare § 112) fyrste avsnitt slik i bokmålsversjonen: «Viser erfaring at noen del av denne kongeriket Norges Grunnlov **bør** forandres, skal forslag derom fremsettes på første, annet eller tredje storting etter et nytt valg og kunngjøres ved trykken. Men det tilkommer først det første, annet eller tredje storting etter neste valg å bestemme om den foreslåtte forandring **bør** finne sted eller ei. Dog må en slik forandring aldri motsi denne Grunnlovs prinsipper, men bare angå slike modifikasjoner i enkelte bestemmelser som ikke forandrer denne konstitusjons ånd, og to tredjedeler av Stortinget **bør** være enige i en slik forandring.»

Nynorskversjonen lyder slik: «Viser røynsla at nokon del av denne grunnlova for Kongeriket Noreg **bør** endrast, skal framlegget om endring leggast fram på det fyrste, andre eller tredje stortinget etter eit nytt val og kunngjerast på prent. Men det er fyrst det fyrste, andre eller tredje stortinget etter neste val som avgjer om endringa **skal** gjerast eller ikkje. Ei slik endring må likevel ikkje stri mot prinsippa i denne grunnlova, men berre gjelde modifikasjonar i einskilde føresegner som ikkje endrar ånda i denne konstitusjonen, og to tredjedelar av Stortinget **må** vere samde i ei slik endring.»

- bokmål: De valgte representanter forsynes med fullmakter hvis lovligheit bedømmes av Stortinget.
- nynorsk: Dei valde representantane får tildelt fullmakter. Stortinget avgjer om fullmaktene er lovlege.

Her får versjonane ulike referansar. Det er rotete, men det er vi nøydde til å leve med.

### 1.5 Mandatet

Før vi ser på sjølve det språklege i nynorskversjonen, vil vi seie noko om mandatet til Graverutvalet. Mandatet inneheldt tre oppdrag som var vanskelege å sameine:

- «Utvalget skal utarbeide **nye, språklig oppdatere versjoner av Grunnloven på tidsmessig bokmål og nynorsk.**» [1]
- «Det tas sikte på å utforme grunnlovsbestemmelsene i et **mest mulig forståelig språk etter gjeldende rettskrivningsnormer** for bokmål og nynorsk. Det skal legges til grunn for arbeidet at de to målversjonene av Grunnloven skal være likestilte og ha samme rettslige status.» [2]
- «Et overordnet hensyn skal være at de språklige endringene i **minst mulig grad skal berøre meningsinnholdet** i de enkelte bestemmelsene, og at de to språkversjonene i **minst mulig grad skal kunne tolkes ulikt**. Samtidig skal det være et siktemål å endre grunnlovsbestemmelsene så lite som mulig i forhold til den någjeldende teksten.» [3]<sup>12</sup>

Vi skulle gjere grunnlovsspråket mest mogleg forståeleg og samtidig endre minst mogleg. Det måtte bli ein del kompromiss. Nynorskteksten kunne nok ha vore betre reint språkleg dersom mandatet ikkje hadde innehalde det siste punktet om at dei nye versjonane skal liggje så nær den opphavlege teksten som mogleg. Den vedtekne bokmålsversjonen ligg på si side nærare den opphavlege teksten, sjølv om han på visse punkt faktisk kunne ha lege endå nærare. Men er språket det mest mogleg forståelege etter gjeldande norm for bokmål? Det spørst om Stortinget 6. mai 2014 fekk det som dei med 151 røyster bestilte i 2012, for terminologien og setningsstrukturen er knapt moderniserte. Bokmålsversjonen inneheld framleis lange, krunglete og nesten uleselege setningar. Men dette er ikkje eit lyte ved Finn-Erik Vinjes *arbeid*,

---

12 Uthevingane er våre.



for han arbeidde jo ikkje med utgangspunkt i mandatet til Graverutvalet.

Når det gjeld punkt 2 i mandatet, om det er fare for at versjonane kan tolkast ulikt, er svaret tja. For juristar er det nok ingen fare for det, men for den jamne lesaren er det verre.

Ein konsekvens av utforminga av mandatet var at somme symboltunge og viktige paragrafar måtte få stå heilt eller delvis urørte. Det var to grupper med slike paragrafar: For det fyrste galdt det «faneparagrafane», t.d. § 1, som i dag seier «Kongeriket Noreg er eit fritt, sjølvstendig og uavhendeleg rike». Det er ei ord-for-ord-omsetjing. Liknande tilfelle er § 3 og § 49, som handlar om kven som har den utøvande og den lovgjevande makta, og § 97, med forbodet mot å gje lover tilbakeverkande kraft. Det ville både vere i strid med mandatet og strategisk uklokt overfor politikarane å endre meir på desse symboltunge paragrafane enn strengt nødvendig.

Det var òg nokre paragrafar i Grunnlova som var heilt nye og ikkje kunne rørast av den grunn. Eit døme er § 2 om verdigrunnlaget for Grunnlova, som vart til gjennom stat-kyrkje-forliket i 2012, som eit politisk kompromiss. Ytringsfridomsparagrafen (§ 100) var òg eit politisk kompromiss som vart formulert etter mykje att og fram i den politiske prosessen. Vi valde difor å setje teksten direkte om til nynorsk.

## **2 Dei språklege vala i nynorskversjonen**

### **2.1 Formval innanfor nynorskrettskrivinga**

Grunnlova har tidlegare vorte omsett til nynorsk ved fleire høve. I 1875 vart ho omsett av Olav Jakobsson Høyem, og i 1901 av Nikolaus Gjelsvik. Gjelsviks omsetjing vart framsett for Stortinget som grunnlovframlegg, men vart avvist av Stortinget i 1906. Den nyaste versjonen finst i utgåvene av tekstsamlinga *Grunnloven vår* frå mellom 1953 og 1989. Denne omsetjinga var truleg ei vidareføring av Gjelsviks omsetjing ved Knut Robberstad, Karl Arne Utgård og Kaare Haukaas. Etter 1985 har denne nynorskversjonen ikkje vorte vidareført og oppdatert.

Nynorskversjonen til Graverutvalet skil seg i mangt frå nynorskversjonen som vart vidareført til 1985. Graverutvalets versjon har a-mål og e-infinitiv (t.d. *ei lov - lova, å vere*) i staden for i-mål og a-infinitiv (t.d. *eilov - lovi, å vera*). Versjonen er halden innanfor læreboknormalen for nynorsk som galdt frå 1959 til 2012. Det fører til noko veksling

som kan verke usystematisk, som *y* i *fyrst* og *ø* i *følgje*, enkel konsonant i *løn* og dobbel i *gammal*. Lovteksten er helst konservativ innanfor læreboknormalen, men heile læreboknormalen var stort sett å rekne som «hovudstraumsnynorsk». Både i formverk, lydverk og ordtilfang kan tradisjonelle variantar førekome i same paragraf som ord og former som ligg nær bokmål. Dette spriket er ei følgje av kompromiss som har vore nødvendige for å oppfylle mandatet. Vi skulle halde oss så nær originalteksten som mogleg, og vi måtte ta omsyn til bokmålsversjonen vi utarbeidde samstundes.

## 2.2 Terminologi

I Graverutvalet hadde vi visse ambisjonar om ikkje berre å setje om til nynorsk og gjere språkdrakta moderne, men òg om å rydde opp og få konsistent omgrepsbruk. Ei stund vurderte vi å gjennomføre *styring* for *regjering* – men det kom vi ikkje i mål med. Vi prøvde òg å få ordparet *kongen/Kongen* til å rette seg etter gjeldande rettskriving. Som person skal *kongen* ha liten førebokstav, medan det heiter *Kongen* i *statsråd* og elles *Kongen* i tydinga ‘regjeringa’. Vi enda likevel med liten førebokstav over heile fjøla, og det same gjorde Vinje. *Konstitu-sjon* og *grunnlov* er to ord som går att i meir eller mindre same tyding. I 1814 var dei to orda heilt synonyme, og i eldre nynorskomsetjingar står det berre «Grunnlova». I faglitteraturen har det likevel etter kvart skilt seg ut nyansar i dette paret. Difor lét vi variasjonen stå ved lag. Det finst òg andre synonympar i Grunnlova som har fått stå, som *statsform* og *regjeringsform*.

Elles valde vi jamt over å endre teksten i tråd med moderne omgrepsbruk. Til dømes har vi modernisert og erstatta *Beslutning* med *vedtak* der det ordet blir bruka i dag. Er *en beslutning* eit vedtak, skriv vi «vedtak» i Grunnlova, som i § 15 tredje avsnitt:

- Når Stortinget har fattet beslutning om mistillit ... (Vinje)
- Når Stortinget har gjort/fattet vedtak om mistillit ... (Graver NN/BM)

I den mest generelle tydinga heiter *beslutning* likevel *avgjerd* på nynorsk, jf. § 27:

- Ingen beslutning må tas i statsrådet ... (Vinje og Graver BM)
- Inga avgjerd må takast i statsrådet ... (NN)

I Grunnlova er det sær s mange uttrykk for rettar og plikter, t.d. i den opphavlege versjonen:

**Plikt:** NN er forbunden at / NN er forpligtet at / NN er pliktig til / det paaligger NN / NN har at

**Rett:** NN er berettiget til / det er tilladt for NN / det tilkommer NN at

Vi tenkte på å jamne ut til det enklaste og mest forståelege, nemleg *skal/må* og *har plikt* i samband med plikt og *kan* og *har rett* i samband med rett. Men vi kom berre eit stykke på veg med det.

Men i det minste fekk vi gjort noko med *bør* i tydinga 'skal', jf. § 100 fyrste avsnitt:

- Ytringsfrihed **bør** finde Sted.
- Ytringsfridom **skal** det vere. (Graver NN)
- Ytringsfrihet **skal** finne sted. (Graver BM)

Nokre ord og omgrep kunne ikkje skiftast ut i moderniseringa beint fram fordi det ikkje finst moderne synonym å skifte dei ut med. Alternativet hadde vore lange omskrivingar, så slikt måtte vi berre la stå. Eit døme er den tidlegare § 98:<sup>13</sup>

- Med **Sportler**, som erlægges til Rettens Betjente, bør ingen Afgifter til Statskassen være forbundne.
- Det må ikkje leggjast avgifter til statskassa på **sportlar** som blir betalte til dei som gjer teneste for retten.

Det same galdt dåverande § 108:<sup>14</sup>

- Ingen **Grevskaber, Baronier, Stamhuse og Fideikommiss**, maa for Eftertiden oprettes.
- Heretter kan det ikkje skipast **grevskap, baroni, stamhus** eller **fideikommiss**.

---

13 Paragrafen har seinare vorte oppheva.

14 Paragrafen har seinare bytt nummer til § 118.

I § 19 valde vi å endre «vaager over» til «ser til at» og «Almenvæsenet» til «samfunnet», jamfør originalen:

- Kongen **vaager over**, at Statens Eiendomme og **Regalier** anvendes og bestyres paa den af Stortinget bestemte og for **Almenvæsenet** nyttigste Maade.

Vinje beholdt den fyrste formuleringa, «våker over». «Regalier» kan gje inntrykk av at det er tale om krone, septer og liknande, men slik er det ikkje å forstå her. *Regale* er eit gammalt juridisk uttrykk for statlege særrettar, t.d. vrakgods. Uttrykket er faktisk i bruk, og det ville vere svært vanskeleg å setje det om til moderne norsk, for då måtte det bli noko litt uelegant å la *særlege statlege særrettar*, sidan det ikkje er alle statlege særrettar som er regale. Så seint som i 1980-åra har det vore i bruk om oljeførekomstane på havbotnen. Det enklaste var å la ordet stå. Eit regale i den aktuelle tydinga skal etter rettskrivinga bøyast regelrett i fleirtal: *alle regala*. Det historiske grunnlaget for det kan diskuterast, men ein bonus er at vi får eit skilje mot fleirtalsordet *regalia*, som faktisk viser til krone, septer og liknande. Dette har vi fått kritikk for, men vi tykkjer det var ei god løysing. Resultatet vart slik:

- Kongen **våker over** at statens eiendommer og **regalier** anvendes og bestyres på den av Stortinget bestemte og for **samfunnet** nyttigste måte. (Vinje)
- Kongen **ser til at** eiedomane<sup>15</sup> og **regala** til staten blir nytta og forvalta slik Stortinget har fastsett, og på den måten som er nyttigast for **samfunnet**. (NN)

Nedanfor følger ei lang rekkje døme på modernisering av terminologi. Somme stader hadde Finn-Erik Vinje ikkje modernisert i sitt grunnlovsframlegg frå 2008, men seinare endra samsvar med Graverutvalet.

Somme problem var meir akutte enn andre, særleg «Politi» i § 17, som etter moderne språkbruk er heilt misvisande. I 1814 var tydinga ei heilt anna og veldig vid. Den gongen snakka ein t.d. ikkje om forvaltningsrett, men om politirett, som i dag berre er ein liten del av forvaltningsretten. Vi måtte ty til ei litt upresis omsetjing, «offentleg forvaltning og regulering», men i ettertid ser vi at «offentleg forvaltning» kanskje hadde vore nok. Vinje snudde heldigvis på dette punktet, så

---

15 I rapporten frå Graverutvalet stod det «eiedommane», men i den vedtekne nynorskversjonen står det «eiedomane».

det står ikkje «politi» i den vedtekne bokmålsversjonen. «Livsstraf» i § 20 måtte det òg gjerast noko med. I § 25 måtte vi gjere ei tolking av «Rigets Land- og Sømagt» og ta inn omgrepet «forvarsmakta til riket» i staden for å ramse opp alle forsvarsgreinene. Vi tykte ikkje *krigsmakta* ville klinge godt, men ordet «forsvarsmakta» høver godt saman med § 26, som opphavleg sa at «Kongen har Ret til at [...] begynde Krig til Rigets Forsvar [...]».

Vi prøvde å bruke gjeldande juridisk terminologi der han hørde naturleg heime, t.d. i § 66, der «personlig Hefelse» vart bytt ut med det straffeprosessuelle uttrykket «pågriping». I den vedtekne bokmålsversjonen står det framleis «personlig heftelse», som er mindre tilgjengeleg. På liknande vis har vi i dag «psykisk svekking» i nynorskversjonen og «sjelelig svekkelse» i bokmålsversjonen.

§ 17: Kongen kan give og ophæve **Anordninger** ... De gjælde **provisorisk** til næste Storthing.  
→ **provisoriske lover** ... Dei gjeld / De gjelder til neste storting. (NN og Graver BM)  
... **anordninger** ... De gjelder **provisorisk** til neste Storting. (Vinje)

§ 17: **Politi**  
→ offentlig forvaltning og regulering (NN)  
→ offentlig forvaltning og regulering (Graver BM og Vinje)

§ 20: **Livsstraf**  
→ dødsstraff (Graver NN og BM, Vinje)

§§ 22 og 62: **Diplomatiet eller Konsulatvæsenet**  
→ utanrikstenesta (NN) / utenriktjenesten (Graver BM)  
→ diplomatiet eller konsulatvesenet (Vinje)

§ 25: **Rigets Land- og Sømagt**  
→ forvarsmakta til riket (NN) / rikets forsvarsmakt (Graver BM)  
→ rikets land- og sjømakt (Vinje)

§ 26: **Forbund**  
→ folkerettslege avtaler (NN) / folkerettslige avtaler (Graver BM)  
→ forbund (Vinje)

- § 26: Gesandter  
→ sendemenn (Graver NN og BM, Vinje)
- § 50: sjælelig Svekkelse  
→ psykisk svekking (NN) / psykisk svekkelse (Graver BM)  
→ sjelelig svekkelse (Vinje)
- § 66: personlig Heftelse  
→ pågriping (NN) / pågripelse (Graver BM)  
→ personlig heftelse (Vinje)
- § 75: at naturalisere Fremmede  
→ å gje innfødsrett (NN)<sup>16</sup> / å gi innfødsrett (Graver BM)  
→ å naturalisere fremmede (Vinje)
- § 75: have Indseende med den offentlige Forvaltning  
→ føre kontroll med den offentlege forvaltninga (NN)  
→ føre kontroll med den offentlige forvaltning (Graver BM og Vinje)
- § 93:<sup>17</sup> ... at en international Sammenslutning ... skal kunne udøve **Beføielser** der efter denne Grundlov ellers tilligge Statens Myndigheder, dog ikke **Beføielse** til at forandre denne Grundlov  
→ ... at ein internasjonal samskipnad ... på eit sakleg avgrensa område får **råderett** som elles ligg hjå dei statlege styresmaktene, men likevel ikkje **rett** til å endre denne grunnlova. (NN)  
→ ... at en internasjonal sammenslutning ... på et saklig begrenset område får utøve **myndighet** som ellers ligger hos statens myndigheter etter denne grunnlov, men likevel ikke **rett** til å endre denne grunnlov. (Graver BM)  
→ ... at en internasjonal sammenslutning ... på et saklig begrenset område skal ha rett til å utøve **beføyelser** som etter denne Grunnlov ellers tilligger statens myndigheter, dog ikke **beføelse** til å forandre denne Grunnlov. (Vinje)

---

16 I rapporten frå Graverutvalet stod det «innfødsrett».

17 Paragrafen har seinare bytt nummer til § 115.

- § 96:<sup>18</sup> Pinligt Forhør maa ikke finde Sted.  
→ Pinefullt forhøyr må ikkje skje.<sup>19</sup> (NN)  
→ Pinefullt forhør må ikke finne sted. (Graver BM og Vinje)
- § 99:<sup>20</sup> Ingen maa fængslig anholdes ...  
→ Ingen må fengslast ... (NN)  
→ Ingen må fengsles ... (Graver BM og Vinje)
- § 102: Hus-Inkvisitioner maa ikke finde Sted ...  
→ Det må ikkje utførast husransakingar ... (NN)  
→ Husransakelse må ikke finne sted ... (Graver BM)  
→ Husundersøkelser ma ikke finne sted ... (Vinje)
- § 104:<sup>21</sup> Jord og Boslod kan i intet Tilfælde forbrydes.  
→ Ingen kan bli frådømd sin faste eignedom eller heile eiga si på grunn av eit brotsverk.<sup>22</sup> (NN)  
→ Ingen kan bli fradømt sin faste eiendom eller hele sin formue på grunn av en forbrytelse. (Graver BM)  
→ Jord og boslodd kan ikke i noe tilfelle forbrytes. (Vinje)
- § 105: Statens Tarv  
→ omsyn til samfunnet (NN)  
→ hensyn til samfunnet (Graver BM)  
→ statens tarv (Vinje)

---

18 Paragrafen er seinare oppheva, og innhaldet er vidareført i ny § 93. Formuleringa i noverande § 93 andre avsnitt lyder slik: «Ingen må utsetjast for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff.» (NN) / «Ingen må utsettes for tortur eller annen umenneskelig eller nedverdiggende behandling eller straff.» (BM)

19 Framlegget i rapporten frå Graverutvalet var: «Det må ikkje haldast pinefullt forhøyr.»

20 Paragrafen er seinare oppheva, og innhaldet er flytt til ny § 94. Formuleringa i noverande § 94 fyrste avsnitt lyder slik: «Ingen må fengslast eller bli fråteken fridommen på anna vis ...» (NN) / «Ingen må fengsles eller berøves friheten på annen måte ...» (BM)

21 Paragrafen er seinare oppheva, og innhaldet vidareført i ny § 96. Føresegna i norverande § 96 tredje avsnitt lyder slik: «Ingen kan dømmast til å avstå fast eignedom eller heile eiga si om ikkje verdiane er nytta til eller er utbyte frå ei strafflagd handling.» (NN) / «Ingen kan dømmes til å avstå fast eiendom eller samlet formue, med mindre verdiene er benyttet til eller er utbytte fra en straffbar handling.» (BM)

22 I rapporten frå Graverutvalet var framlegget: «Ingen kan bli frådømd den faste eignedommen sin eller heile eiga på grunn av eit brotsverk.»

Det mest omdiskuterte i denne lista var nok «pinligt Forhør» (§ 96), men berre ei veke etter vart denne paragrafen oppheva og ein ny § 93 vedteken som del av den nye menneskerettskatalogen i Grunnlova, og der heiter det «tortur» i begge versjonane. Vi vart forresten litt overraska då Vinje òg valde «pinefullt»; her hadde vi i staden venta kritikk frå det haldet.

I § 102 har «Hus-Inkvisitioner» vorte til «husransakingar» i nynorskversjonen og «husundersøkelser» i Vinjes bokmålsversjon. Denne paragrafen skal verne borgarane mot at det offentlege tek seg inn i heimen når det ikkje er noko kriminelt i gjerde. Graverutvalet valde den straffeprosessuelle termen *ransaking/ransakelse* i staden for det ulne ordet *husundersøking/husundersøkelse*.

Desse døma viser at ordvalet i Grunnlova er mykje modernisert i og med nynorskversjonen, og at vi har fått eit uheldig sprik mellom målformene i dei to vedtekne versjonane. Grunnen er at vi moderniserte terminologi, delte opp setningar og gjorde teksten meir lesarvenleg. Moderniseringa i Vinjes bokmålsversjon held seg med ein del unntak på overflata, på rettskrivingsnivået.

Vi tek med tre døme til på at nynorskversjonen har gått lenger i ordvalet:

§ 20: de Sager som af Stortinget **foranstaltes anlagte** for Rigsretten  
→ saker som Stortinget **reiser** for Riksretten (NN)  
→ de saker som Stortinget **anlegger** for Riksretten (Vinje)

§ 23: Ingen [...] arvelige Forrettigheder maa **tilstaaes** Nogen for Eftertiden.  
→ Ingen må heretter **få** arvelege særrettar ... (NN)  
→ Ingen [...] arvelige privilegier må **tilstås** noen for ettertiden. (Vinje)

§ 71: i fire **paa hinanden følgende** Aar  
→ i fire år **på rad** (NN)  
→ i fire **sammenhengende** år (Vinje)

### 2.3 Stilval i nynorskversjonen

Om vi ser på dei tradisjonelle definisjonane av kansellispråk, er nynorskversjonen ikkje-kansellistisk.



### Dobbelt bunden form

I nynorskversjonen har vi gjennomført dobbelt bunden form der bokmålsversjonen har enkelt bunden form, i samsvar med vanleg norsk talemål:

denne Grundlov; denne Paragraf; dette Raad

- denne grunnlova; denne paragrafen; dette rådet (NN)
- denne Grunnlov; denne paragraf; dette råd (Vinje)

### Attributiv sperring

Nynorskversjonen inneheld heller ikkje såkalla attributiv sperring. Legg merke til at bokmålsversjonen vaklar noko mellom å halde på dette draget (§ 76 og § 36) og å mjuke opp (§ 31):

§ 76: med **de af** Storthinget tilføiede Anmerkninger

- med merknader frå Stortinget (NN)
- med **de av** Stortinget tilføyde anmerkninger (Vinje)

§ 36: **En til** Norges Krone arveberettiget Prinsesse eller Prins ...

- Ei prinsesse eller ein prins med arverett til Noregs krone ... (NN)
- **En til** Norges krone arveberettiget prins eller prinsesse ... (Vinje)

§ 31: **Alle af** Kongen udfærdigede Beslutninger ...

- Alle avgjerder kongen ferdar ut ... (NN)
- Alle de beslutninger som kongen utferdiger ... (Vinje)

Likeins har Vinjes bokmålsversjon snart omskriving frå passiv (t.d. § 74 og § 20), snart ikkje (t.d. § 19). Her var det naturleg å vera meir konsekvent på nynorsk.

§ 74: kun forsaavidt det **af Storthinget** maatte tilstedes

- berre når **Storthinget** gjev løyve til det (NN)
- bare for så vidt **Storthinget måtte** tilstede det (Vinje)

§ 20: de Sager som **af Storthinget** foranstaltes anlagte for Rigsretten

- saker som **Storthinget reiser** for Riksretten (NN)
- de saker som **Storthinget anlegger** for Riksretten (Vinje)

§ 19: paa den **af Storthinget** bestemte og for Almenvæsenet nyttigste Maade

- slik **Stortinget** har fastsett, og på den måten som er nyttigast for samfunnet (NN)
- på den **av Stortinget** bestemte og for samfunnet nyttigste måte (Vinje)

### S-genitiv

S-genitiv i originalteksten får ofte preposisjonsfrasar i nynorskversjonen, og Graverutvalet freista å behandle liknande formuleringar likt. I Vinjes bokmålsversjon finn vi stundom ulike løysingar, jf. § 13 og § 40:

§ 13: Under Kongens Reiser inden Riget kan han overdrage **Rigets Bestyrelse** til Statsraadet.

- For den tida kongen reiser i riket, kan han overlate **styringa av riket** til statsrådet. (NN)
- Under kongens reiser innen riket kan han overdra **styret av riket** til statsrådet. (Vinje)

§ 40: ... forestaar Statsraadet **Rigets Bestyrelse** ...

- skal statsrådet stå for **styringa av riket** (NN)
- forestår statsrådet **rikets bestyrelse** (Vinje)

### Pronominaladverb

Finn-Erik Vinje har skrive i boka *Moderne norsk*<sup>23</sup> (s. 74): «Hvis vi bruker mange pronominala adverb av typen *herfor*, *hermed*, *derav*, *herav*, *derom*, *herom*, får framstillingen et stivt, skriftspråklig preg.» I bokmålsversjonen er *derom* behalde somme stader der nynorskversjonen og bokmålsversjonen til Graverutvalet har den vanlege formuleringa «om det».

§ 47: og ingen af dem **derom** har efterladt nogen skriftlig Bestemmelse

- og ingen av dei har late etter seg ei skriftleg føresegn **om det** (NN)
- og ingen av dem har etterlatt noen skriftlig bestemmelse **om det** (Graver BM)
- og ingen av dem har etterlatt noen skriftlig bestemmelse **derom** (Vinje)

---

23 Vinje, Finn-Erik (1987) *Moderne norsk. Råd og regler for praktisk språkbruk. Fjerde reviderte utgave*, Universitetsforlaget

- § 22: etterat han **derom** har hørt Statsraadets Betænkning  
→ etter at han har høyr kva statsrådet meiner **om det** (NN)  
→ etter at han har hørt statsrådets mening **om det** (Graver BM)  
→ etter at han har hørt statsrådets betenkning **derom** (Vinje)

- § 53: overensstemmende med, hvad **derom** i Lov bestemmes  
→ i samsvar med føresegner **om dette** i lov (NN)  
→ i overensstemmelse med det som bestemmes **om dette** i lov (Graver BM)  
→ i overensstemmelse med hva som bestemmes i lov **om dette** (Vinje)

### Lange og innfløkte eller stive formuleringar

Mange stader er dei nynorske setningane litt kortare enn bokmålssetningane. På eit tidspunkt i prosessen var nynorskomsetjinga nesten 15 prosent kortare enn den opphavlege teksten. Men dette jamna seg ut etter kvart, då det vart klårt at ein måtte gje fleire konsesjonar til vanen.

Vi dreg likevel fram nokre døme på at nynorskversjonen har kortare formuleringar enn bokmålsversjonen. Dette er jamt over løysingar som for så vidt ville ha vore kurante i bokmål.

- § 54: [Valgthingene] skulle **være tilendebragte inden September Maanedes Udgang**.  
→ [Valtinga] skal **vere avslutta seinast i september**. (NN)  
→ [Valgtingene] skal **være tilendebrakt innen september måneds utgang**. (Vinje)

- § 63: Det skal [...] bestemmes, **inden hvilken Tid og paa hvilken Maade ...**  
→ [Det skal] fastsetjast [...] **når og korleis ...** (NN)  
→ Det skal [...] bestemmes [...] **innen hvilken tid og på hvilken måte ...** (Vinje)

- § 60: **Hvorvidt og under hvilke Former de Stemmeberettigede kunne afgive deres Stemmesedler uden personligt Fremmøde** paa Valgthingene bestemmes ved Lov.  
→ **Om og korleis** dei røysteføre kan **røyste utan å møte personleg** på valtinga, blir fastsett i lov. (NN)  
→ **Hvorvidt og under hvilke former** de stemmeberettigede kan **avgi sine stemmesedler uten personlig fremmøde** på valgtingene, bestemmes ved lov. (Vinje)

- § 74: en Tale, **hvori han underretter det** [Storthinget] om Rigets  
 → Tilstand og de Gjenstande, **hvorpaa** han især ønsker at  
**henlede** Storthingets **Opmærksomhed**  
 → ei tale **om** tilstanden i riket og dei emna han særleg vil  
**gjere** Stortinget **merksam på** (NN)  
 → en tale **der han underretter det** [Stortinget] om rikets  
 tilstand og de forhold som han især ønsker å **lede** Stortingets  
**oppmerksomhet mot** (Vinje)
- § 78: Billiger Kongen Lovbeslutningen, **forsyner han den med sin  
 Underskrift, hvorved** den vorder Lov.  
 → Godtek kongen lovvedtaket, **skriv han under, og dermed**  
 blir det til lov. (NN)  
 → Godtar kongen lovbeslutningen, **forsyner han den med  
 sin underskrift, hvorved** den blir lov. (Vinje)
- § 79: Er en Lovbeslutning bleven **uforandret antagen** af to  
 Storthing, **sammensatte efter to forskjellige paa hinanden  
 følgende Valg og indbyrdes adskilte** ved mindst to  
**mellemliggende Storthing ...**  
 → Når to storting **med eitt val og minst to storting imellom**  
 har gjort **same** lovvedtaket uendra ... (NN)  
 → Er en lovbeslutning blitt **uforandret antatt** av to storting,  
**sammensatt etter to på hinannen følgende valg og**  
**innbyrdes adskilt** ved minst to **mellomliggende storting**  
 ... (Vinje)

### Oppdeling av setningar og anna forenkling

Som før nemnt ville Graverutvalet òg forenkle språket ved å dele opp setningar:

- § 6: Arvefølgen er lineal, saaledes at kun i lovligt Ægteskab født Barn af Dronning eller Konge, eller af en som selv er arveberettiget, kan arve, og at den nærmere Linje gaar foran den fjernere og den ældre i Linjen foran den yngre.  
 → Arvefølga er lineal. Berre barn av ei dronning eller ein konge, eller av nokon som sjølv har arverett, kan arve, og barnet må vere født i lovleg ekteskap. Den nærare lina går føre den fjernare og den eldre i lina føre den yngre. (NN)  
 → Arvefølgen er lineal, således at bare i lovlig ekteskap født barn av konge eller dronning eller av en som selv er arveberettiget, kan arve, og at den nærmere linje går foran den fjernere og den eldre i linjen foran den yngre. (Vinje)

- § 26: Traktater angaaende Sager af særlig Vigtighed **og i alle Tilfælde** Traktater hvis Iværksættelse efter Konstitutionen nødvendiggjør en ny Lov eller Storthingsbeslutning, blive først bindende, naar Stortinget har givet sit Samtykke dertil.
- Traktatar om særleg viktige saker blir fyrst bindande når Stortinget har gjeve samtykke til det. **Det same gjeld alle** traktatar som etter konstitusjonen ikkje kan setjast i verk utan ei ny lov eller eit nytt stortingsvedtak. (NN)
  - Traktater om saker som er av særlig stor viktighet, **og i alle tilfeller** traktater hvis iverksettelse etter Grunnloven nødvendiggjør en ny lov eller stortingsbeslutning, blir først bindende når Stortinget har gitt sitt samtykke dertil. (Vinje)

Her gjer nynorskversjonen seg ferdig med ein ting om gongen. Legg òg merke til den kursiverte formuleringa, der Vinje òg har valt ei form for modernisering, utan at dét vel strengt teke er noko krav som moderne bokmål set.

Den mest radikale forenklinga gjennomførte utvalet i § 6 tredje avsnitt, òg i bokmålsversjonen som ikkje vart vedteken. Her må nok lesaren setje ned farten:

- § 6: **Dog tilkommer Arveret ikke nogen som ikke** er født i rett nedstigende Linje fra den sidst regjerende Dronning eller Konge eller dennes Søster eller Broder, eller selv er dennes Søster eller Broder.
- **Arverett har likevel berre dei** som ættar frå foreldra til den sist regjerande dronninga eller kongen. (NN)
  - **Arverett har likevel bare de som** er født i rett nedstigende linje frå foreldrene til den sist regjerende dronning eller konge. (Graver BM)
  - **Dog tilkommer arverett ikke noen som ikke** er født i rett nedstigende linje fra den sist regjerende konge eller dronning eller fra dennes bror eller søster, eller selv er dennes bror eller søster. (Vinje)

Nøkkelen til forenkling låg altså ein generasjon attende.

Også i paragrafane om stortingsvalskipnaden gjekk vi drastisk til verks. Desse reglane er nokså nye, dei vart sist reviderte i 2003. Men dei var ikkje mindre innfløkte for det. Det er litt leitt å måtte slå fast at paragrafane som hadde vore uendra sidan 1814, jamt over var enklare

utforma enn mange nye paragrafar. Når restar av kansellistil parar seg med moderne politikarbyråkratspråk, kan det bli uformeleg. Nokre paragrafar vart aldri gode reint språkleg fordi vi ikkje såg oss syn med å gå grundig nok til verks. Dei mest tekniske paragrafane var i grunnen ikkje dei verste å arbeide med, for der fanst det i prinsippet ein fasit:

**§ 57 fyrste avsnitt:** Det Antal Storthingsrepræsentanter, som bliver at vælge, bestemmes til 169.

- Det skal veljast 169 stortingsrepresentantar. (NN)
- Det antall stortingsrepresentanter som blir å velge, fastsettes til 169. (Vinje)

**§ 57 femte avsnitt:** Det Antal Storthingsrepræsentanter, som bliver at vælge fra hvert Valgdistrikt, bestemmes paa Grundlag af en Beregning af Forholdet mellem hvert Distrikts Antal Indvaanere samt Areal, og det hele Riges Antal Indvaanere samt Areal, naar hver Indvaaner giver 1 Point og hver Kvadratkilometer giver 1,8 Point. Beregningen bliver at foretage hvert ottende Aar.

- Talet på stortingsrepresentantar som skal veljast frå kvart valdistrikt, blir utrekna på grunnlag av innbyggjartalet og flatevidda i distriktet i høve til innbyggjartalet og flatevidda i heile riket. I denne utrekninga gjev kvar innbyggjar 1 poeng og kvar kvadratkilometer 1,8 poeng. Utrekninga skal gjerast kvart åttande år. (NN)<sup>24</sup>
Den politiske jamstillinga av landsmål/nynorsk med riksmål/bokmål kom før det nye skriftspråket hadde vorte etablert i forvaltninga, skulen, kyrkja - og som lovspråk. Det skulle enno dryga ei stund før landsmål vart teke i bruk som lovspråk.

---

2 Og så er det ei sak for seg å ta stilling til når dansk skriftspråk i Noreg gjekk over til å bli det særnorske skriftspråket vi seinare kjenner som *riksmål* og *bokmål*.



## Den første lova på landsmål

I 1894 var tida mogen for ein framstøyt for å få vedteke ei lov på det nye skriftspråket. Valet fall på den nye normaltidlova. Omsynet til jernbana låg attom at ein ønskte å innføra éi sams normaltid for heile Noreg, slik at det vart enklare å planleggja rutetabellane. Lovproposisjonen vart skriven på riksmål, men saksordførar i jernbanenemnda på Stortinget var Marius Hægstad (1850–1927), som i 1899 vart utnemnd til professor i «landsmaalet og dets dialekter», og som i 1906 vart den første formannen i Noregs Mållag. Formannen i nemnda var Jørgen Løvland (1848–1922), seinare statsminister og formann i Noregs Mållag.

Det var ikkje usemje om det materielle innhaldet i lova, men det vart strid om språkforma. Både i Odelstinget og Lagtinget vart det ordskifte om landsmål i det heile var eigna som lovspråk. Til sist vedtok Odelstinget *log um sams normaltid fyr kongeriket Norig* med 44 mot 38 røyster og Lagtinget med 18 mot 10.

Sjølve lovteksten var ikkje lang:

§ 1 Fraa den 1ste januar 1895 skal mideltidi fyr den meridianen, som ligg 15 grader austanfy Greenwiche, vera det loglege klokkeslætte i Norig.

§ 2 Naar normaltid etter denne logi er innførd, og det daa maatte visa seg trong til aa byta um nokot klokkeslætte, som er nemnt i eldre loger, skal kongen kunna taka avgjerd um slikt umbyte fyr det heile land elder fyr einskilde landsluter.

Normaltidlova galdt heilt til ho vart avløyst av *lov om målenheter, måling og normaltid* med verknad frå 1. januar 2008.

## Nynorske lover før krigen

Det skulle vara heilt til 1916 før Stortinget neste gong gjorde eit nynorsk lovvedtak. Då galdt det ei endringslov til normaltidlova som opna for innføring av sommartid. Også denne gongen førte endringa til lange ordskifte i Stortinget, men då om realitetane i saka, ikkje om språkforma.

I 1920 vedtok Stortinget dei neste lovene på nynorsk: *lov um bygningsfreding* og *lov um ulukkestrygding for fiskarar*. Frå 1924 til 1940 vart det kvart einaste år gjort nynorske lovvedtak, anten nye sjølvstendige lover eller endringslover. Ved krigsutbrotet i 1940 hadde det til saman

kome 32 sjølvstendige lover med nynorsk tekst (i tillegg til 16 endringslover). Dei fleste nynorske lovene i denne perioden vart etter måten korte. Mellom dei lengste og viktigaste lovtekstane finn vi

*lov um ulukkestrygding for fiskarar (1920)*

*lov um motorvogner (1926)*

*lov um dyrevern (1935)*

*lov um folkeskulen på landet (1936)*

*lov um lærarskular og prøvor for lærarar (1938)*

I perioden 1924–1939 hadde om lag 4 prosent av dei vedtekne lovene nynorsk tekst (medrekna endringslover).

Mellom 1900 og 1950 vart til saman 42 bokmålslover omsette til nynorsk, dei fleste i 1920- og 1930-åra. Omsetjingane var ikkje offisielle, gjeldande lovtekstar, for i Noreg er skikken at lover berre blir gjevne i éi språkform, anten på bokmål eller nynorsk.<sup>3</sup> Desse nynorskversjonane vart ikkje offentleggjorde i lovsamlingane, men dei stod i *Norsk lovtidend*. Stundom kunne det dryga fleire år frå ei lov vart vedteken til ho vart omsett, og seinare lovendringar vart sjeldan oppfølgde i omsetjingane. Likevel førte desse omsetjingane til at nynorsk lovspråk som tekstsjanger vart vidareutvikla.

#### **Nynorsk lovspråk i etterkrigstida, 1945–1972<sup>4</sup>**

Etter andre verdskrigen slo nynorsk for alvor gjennom som lovspråk. Rett etter krigen vart det gjeve mange nynorsklover. Det heldt fram med å koma mange lover på nynorsk, men i denne perioden det var likevel ein jamn nedgang i nynorskdelen blant dei vedtekne lovene. Tala femner om både sjølvstendige lover og endringslover:

1946–1950: 17,1 prosent

1951–1955: 13,2 prosent

1956–1960: 11,9 prosent

1961–1965: 12,2 prosent

1966–1972: 7,5 prosent

---

3 I 2014 vart det vedteke at Grunnlova skal finnast i to parallelle versjonar, på bokmål og nynorsk. Grunnlovsvedtak er ein annan type vedtak enn vanlege lovvedtak i Stortinget. Skikken om at lover kjem på anten bokmål eller nynorsk, står ved lag.

4 Kjelde tal og opplysningar som gjeld nynorsk lovspråk til og med 1972 er Ragnhild Liers hovudfagsoppgåve *Nynorske lover og nynorsk lovmål* (Universitetet i Oslo, 1976).

Jamt over var nynorskdelen høgre i dei sjølvstendige lovene enn i endringslovene. Til dømes var 10 prosent av endringslovene på nynorsk i perioden 1959–1965, medan 22 prosent av dei sjølvstendige lovene var på nynorsk.

Det er vanskeleg å koma utanom sivillovbokutvalet dersom ein skal gjera greie for nynorsk lovspråk i etterkrigstida. Sivillovbokutvalet vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 10. april 1953, med oppdrag om å utarbeida utkast til kodifikasjonslover for tingsretten og pantedretten og utkast til ny lovgjeving om odels- og åsetesretten. Utvalet vart nedlagt i 1999. Frå 1955 til 1993 la utvalet fram 15 tilrådingar, kalla *rådsegner*, med framlegg til nye lover. Alle rådsegnene var på nynorsk, og dei aller fleste lovene som sprang ut av arbeidet i sivillovbokutvalet, kom til sist på nynorsk.

Rådsegn 1 (1955) *Om grannegjerde og om ansvar for visse slags husdyr*

Rådsegn 2 (1957) *Om eigedomsretten i grannehøve*

Rådsegn 3 (1958) *Om grannegjerde, endeleg framlegg*

Rådsegn 4 (1959) *Om sameige*

Rådsegn 5 (1960) *Om særlege råderettar over framand eigedom*

Rådsegn 6 (1961) *Om hevd*

Rådsegn 7 (1962) *Om hendelege eigedomshøve*

Rådsegn 8 (1970) *Om pant*

Rådsegn 9 (1971) *Om tomtefeste*

Rådsegn 10 (1972) *Om odelsretten og åsetesretten*

Rådsegn 11 (1973) *Om odelsprosessen*

Rådsegn 12 (1979) *Avhending av fast eigedom*

Rådsegn 13 (1984) *Løysingsrettar*

Rådsegn 14 (1988) *Eigedomsgrenser og administrative inndelingsgrenser*

Rådsegn 15 (1993) *Ny lov om tomtefeste*

I tillegg til lover som følgde av arbeidet til sivillovbokutvalet, var desse nokre av dei viktigaste nynorsklovene i tidleg etterkrigstid:

*lov um straff og økonomisk ansvar for landssvikarar* (1947)

*lov om folkeskolen* (1959)

*lov om oreigning av fast eigedom* (1959)

*lov om ansvar for skade som motorvogner gjer (bilansvarslova)* (1961)

*lov om vegar (veglova)* (1963)

*lov om grunnskolen* (1969)

*lov om trdomssamfunn og ymist anna* (1969)

*lov om arv m.m.* (1972)

## Nynorsk lovspråk i sein etterkrigstid<sup>5,6</sup>

I perioden frå 1973 til 1994 låg delen nynorsklover jamt lågt, lågare enn i tiåra før:

1973–1980: 5,8 prosent

1981–1985: 6,5 prosent

1986–1990: 3,3 prosent

1991–1994: 4,8 prosent

Ei oversikt som Kulturdepartementet sende som vedlegg til eit brev til alle andre departement 16. april 2012, viser at 15,5 prosent av dei gjeldande lovene på det tidspunktet var på nynorsk. Samstundes viser oversikta at nynorsklovene jamt over er kortare enn bokmålslovene, slik at berre 10,1 prosent av lovverket målt i tekstmengd var på nynorsk.

Kulturdepartementets oversikt over nynorsk i lovverket inneheld desse tala for åra 1996–2010:

1996–2000: 13,0 prosent av dei gjeldande lovene og 7,2 prosent av tekstmengda

2001–2005: 15,2 prosent av dei gjeldande lovene og 12,7 prosent av tekstmengda

2006–2010: 17,5 prosent av lovene og 10,5 prosent av tekstmengda

Etter 2010 har det kome 5 nye sjølvstendige nynorsklover i 2012, 2 i 2013, 1 i 2014 og 5 i 2015 – og ingen i 2011 eller per 1. november 2016.

Sentrale nynorsklover frå 1973 til i dag:

*lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova)* (1974)

*lov om målbruk i offentleg teneste* (1980)

*lov om barn og foreldre (barnelova)* (1981)

*lom om avhending av fasteigedom (avhendingslova)* (1992)

*lov om tomtefeste* (1996)

---

5 Kjelde for tal som gjeld nynorsk lovspråk i perioden 1973–1994 er Hege Myklebusts hovudfagsoppgåve *Nynorsk som lovspråk. Historisk og språkleg utvikling* (Universitetet i Bergen, 1996).

6 Kjelde for nynorskdel i lover frå 1996 til 2012 er eit vedlegg til eit brev frå Kulturdepartementet til alle andre departement frå 16. april 2012. Utgangspunktet i oppteljinga er dei lovene som galdt på det tidspunktet.

*lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)* (1998)

*lov om burettslag (burettslagslova)* (2003)

*lov om samvirkeforetak (samvirkelova)* (2007)

*lov om forvaltning av villlevande marine ressursar (havressurslova)* (2008)

*lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)* (2013)

### ... til innsyn

I tillegg til lovene som er nemnde over, må ei av dei heilt sentrale forvaltningslovene nemnast særskilt: *lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)*, som tok til å gjelda 1. januar 2009. Denne lova avløyste *lov 19. juni 1970 nr. 69 om offentlighet i forvaltningen (offentlighetsloven)*. Det er i seg sjølv ei viktig vinning for nynorskens del når ei så sentral lov kjem på nynorsk, men ein kan spørja seg om korttittelen er heilt heldig.

I nynorsk er det lang tradisjon for å unngå substantiv som endar på *-heit*. Blant nynorskbrukarar er det nok heller inga semje om kor langt ein skal gå i å tolerera slike ord i nynorsken, jamvel om *-heit* i dag i nokså stor grad blir rekna som eit kurant ordlagingsselement i nynorsk. I bokmål er det ikkje uvanleg å laga samansette ord der førsteleddet endar på *-het*, f.eks. *offentlighetslov* og *uklarhetsregel*. Dersom ein heilt vil unngå *-heit*, har ein eit praktisk problem når ein skal skriva juridisk nynorsk. Det har utvikla seg ein praksis der ein har sløyfa *-he(i)t* og laga samansettingar over leisten adjektiv + substantiv: *offentleglov* og *uklarregel*. Problemet med slike ord er igjen at svært mange språkbrukarar, både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar, opplever dei som ugrammatiske, dvs. i strid med vanlege prinsipp for ordlaging i norsk språk. Det finst nemleg mange samansette ord over denne leisten, f. eks. *raudvin* og *halvmåne*. Her er det slik at dei samansette ord tyder tilnærma det same som delane: *raudvin* ≈ 'raud vin' og *halvmåne* ≈ 'halv måne'. Det same kan ein ikkje seia om orda der ein har kuttat ut *-heit*: *offentleglov* ≠ 'offentleg lov' og *uklarregel* ≠ 'uklar regel'.

Vi har altså ei lov som har *offentleglova* som vedteken korttittel. Kva kunne så ha vore alternativa? For det første er *offentlegheitslova* eit alternativ, dersom ein meiner *offentlegheit* er kurant nynorsk. Men om ein ser på sjølve lova, både den fulle tittelen og paragrafane, vil ein sjå at det er *innsyn* som er nøkkelordet i *lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd*. Såleis burde lova heller bli kalla *innsynslova*. Det er altså slik at *offentleg* i «offentleg verksemd» (= 'som gjeld stat og

kommune) ikkje har same tyding som *offentleg*- i «offentleglova» (= 'openheit'). Ingen kan heller nekta for at *innsyn* òg er eit godt ord i bokmål. Det er så ein kan få mistanke at det at lova gjeld det offentlege, har ført til at korttittelen på lova korkje er i samsvar med den fulle tittelen eller innhaldet i henne. Også i arbeidet med nynorsk lovspråk bør ein ha tanken om godt og klart språk i tankane. Det er alltid feller ein kan gå i.

## **Vedlegg: Lover på nynorsk per 1. november 2016**

*Titlane på oppheva lover er sette i kursiv.*

### **1814**

Kongeriket Noregs grunnlov gjeven i riksforsamlinga på Eidsvoll den 17. mai 1814

### **1894**

*log 29. juni 1894 um sams normaltids fyr kongeriket Norig*

### **1920**

*lov 19. mai 1920 um bygningsfredning*

*lov 10. desember 1920 um ulukkestrygding for fiskarar*

### **1921**

*lov 2. juli 1921 nr. 1 um rett til å setja forbod mot bygging eller verksemd, som skjemmer offentlege minnesmerke m.m.*

### **1924**

*lov 11. juli 1924 um namnebyte for byen Kristiania*

### **1925**

*lov 1. mai 1925 um å setja i verk visse fyresegner i Aust-Grønlandsavtala frå 9. juli 1924*

*lov 5. juni 1925 um brigde i ladstadsnamnet Stenkjær*

### **1926**

*lov 20. februar 1926 nr. 2 um motorvogner*

### **1927**

*lov 4. juli 1927 nr. 3 um namnebyte for byen Fredrikshald*

### **1929**

*lov 14. juni 1929 nr. 1 um namneskifte for byen Trondhjem*

### **1930**

*lov 6. juni 1930 nr. 16 um annamming av skuldlast*

*millombils lov 6. juni 1930 nr. 21 til å fremja umsetnaden av jordbruksvaror*

*lov 6. juni 1930 nr. 22 um målbruk i statstenesta*

**1931**

*lov 19. juni 1931 nr. 13 um å taka av papirforsyningslovene*

**1933**

*millombils lov 24. juni 1933 nr. 7 um edruskapsnemnder m.m.*

*millombils lov 6. juli 1933 nr. 11 um høve for staten til å gjera avtale med folkeskulelærarane um at ein del statstilskotet til lærarløner vert halden att til reduksjon av lærarlønene*

**1934**

*millombils lov 2. mars 1934 nr. 1 um avgift av bensin og av gummiringar for motorvogner til delvis betaling av statens utgifter vedkomande vegstellet*

**1935**

*millombils lov 13. mars 1935 um avgifter av bensin og gummiringar for motorvogner til delvis å greida statens utgifter til vegstellet*

*lov 16. mai 1935 nr. 1 um folke- og skuleboksamlingar*

*lov 7. juni 1935 nr. 13 um dyrevern*

**1936**

*millombils lov 13. mars 1936 nr. 1 um avgifter av bensin og gummiringar for motorvogner til delvis å greida statens utgifter til vegstellet*

*lov 10. juli 1936 nr. 6 um å fremja umsetnaden av jordbruksvaror*

*lov 16. juli 1936 nr. 7 um folkeskulen på landet*

**1937**

*millombils lov 4. mars 1937 nr. 1 um avgifter av bensin og gummiringar til delvis å greida statens utgifter til vegstellet*

*lov 16. april 1937 om fullmakt for Kongen, eller den han gjev fullmakt, til å forby at norske skip blir nytta til å føra folk som eslar seg i krig, våpen, loty, fly eller partar derav til framandland*

*lov 25. juni 1937 nr. 10 um korleis reguleringstillegg til folkeskulelærarane m.fl. skal betalast*



## **1938**

*lov 11. februar 1938 um lærarskular og prøvor for lærarar i folkeskulen*

*millombils lov 25. februar 1938 nr. 1 um avgifter av bensin og gummiringar til delvis å greida statens utgifter til vegstellet*

## **1939**

*lov 17. februar 1939 nr. 1 om gjeldsbrev*

*lov 17. februar 1939 nr. 2 om deponering i gjeldshøve*

*millombils lov 3. mars 1939 nr. 1 um avgifter av bensin og gummiringar for motorvogner til delvis å greida statens utgifter til vegstellet*

## **1940**

*mellombels lov 9. februar 1940 om avgifter av bensin og gummiringar for motorvogner til delvis å greie statens utgifter til vegstellet*

## **1945**

*mellombels lov 27. desember 1945 om høve til å bruka brennevin frå industribrenneria til å laga drikkebrennevin*

## **1946**

*lov 8. mars 1946 nr. 1 um pant for driftskreditt til industrien*

*mellombels lov 22. mars 1946 nr. 3 um høve til å drive visse handverk utan å fylle vilkåri etter handverkslovi*

*lov 22. mars 1946 nr. 4 om fiendegods o.a.*

[Lova er ikkje opphevd, lovteksten står ikkje i nyare versjonar av *Norges lover*. Det er grunngjeve slik: «Antas ikke lenger å ha alminnelig praktisk interesse og er siste gang tatt inn i Norges Lover 1685–1981.»]

*mellombels lov 29. mars 1946 nr. 5 um å lengja prioriteringstida for panterenter*

*mellombels lov 8. mai 1946 nr. 1 om at visse føresegner av okkupasjonslovgevinga skal gjelda vidare*

*mellombels lov 8. mai 1946 nr. 2 um å lengja frestane etter den millombilse rettarboti frå 9. okt. 1942 um avbrott av frestar i avsperringstida*

*lov 21. juni 1946 nr. 8 um avbrot av frestar i avsperringstidi*

*lov 19. juli 1946 nr. 14 um utreinsking i offentleg teneste*

*lov 27. september 1946 nr. 1 om okkupasjonslovgjevinga*

*lov 11. oktober 1946 nr. 1 om Norsk Lysingsblad*

*millombils lov 31. oktober 1946 nr. 3 om å lengja frestane etter lov om avbrot av frestar i avsperringstidi*

*lov 8. november 1946 nr. 1 om framhaldsskular*

*lov 13. desember 1946 nr. 10 om rettar til norsk selskap overførde under okkupasjonsen*

*lov 13. desember 1946 nr. 14 om straff for utlendske krigsbrotsmenn*

*mellombels lov 13. desember 1946 nr. 29 om innførsleforbod*

*mellombels lov 13. desember 1946 nr. 30 om utførsleforbod*

*lov 14. desember 1946 nr. 1 om at visse rettarbøter skal gjelda vidare*

*mellombels lov 14. desember 1946 nr. 7 om prisregulering og anna regulering av næringsverksemd*

## **1947**

*lov 21. februar 1947 nr. 2 um straff og økonomisk ansvar for landsvikarar*

*lov 28. mars 1947 nr. 2 om å lengja prioriteringstida for panterenter*

*lov 2. mai 1947 nr. 1 um prisereglar og prisedomstolar*

*lov 9. mai 1947 nr. 3 om å lengja frestar etter patent-, varemerke- og mønsterlovene*

*mellombels lov 30. juni 1947 nr. 8 om å lengja fristane etter § 4 i lov frå 21. juni 1946 um avbrot av frestar i avsperringstidi*

*mellombels lov 30. juni 1947 nr. 12 om prisregulering og anna regulering av næringsverksemd*

*lov 11. juli 1947 nr. 6 om samferdsla*

*millombils lov 10. oktober 1947 nr. 2 um folk som kom burt i krigstida*

*lov 30. oktober 1947 om Noregs Småbruk- og Bustadbank*

*lov 12. desember 1947 nr. 7 om korleis lovene om prisar og anna skal haldast oppe*

*lov 12. desember 1947 nr. 12 om folke- og skuleboksamlingar*

*lov 12. desember 1947 nr. 20 om at § 1, 2, 3 og 5 i føresegnene frå 8. aug. 1941 om konserveringsverksemdar for frukt, bær og grønnsaker skal halda fram å gjelda*

## **1948**

*lov 23. april 1948 nr. 1 om studentsamskipnader*

*lov 23. april 1948 nr. 3 om Statens Fiskarbank*

*lov 14. mai 1948 nr. 1 om når visse utlendske domar i straffesaker er bindande og kan fullførast o.a.*

*lov 18. juni 1948 nr. 6 um høve til å drive visse handverk utan å fylle vilkåri etter handverkslovi frå 25. juli 1913*

*lov 9. juli 1948 nr. 2 om universitetet i Bergen (Universitas Bergensis)*

*lov 9. juli 1948 nr. 3 om opphalding av pris- og rasjoneringsføresegnene o.a.*

*lov 29. oktober 1948 nr. 2 om at § 1, 2, 3, og 5 i føresegnene frå 8. aug. 1941 om konserveringsverksemdar for frukt, bær og grønnsaker skal halda fram å gjelda*

*lov 12 november 1948 om brevsikular*

*mellombels lov 3. desember 1948 nr. 4 om arbeidsvilkår for arbeidarar i jordbruket*

*lov 13. desember 1948 nr. 5 om Riksteatret*

## **1949**

*lov 18. mars 1949 nr. 5 om vern mot jordøydelegging*

*lov 27. mai 1949 nr. 2 om sal av Lærdalsøyra statsålmønning*

*lov 10. juni 1949 nr. 3 om tilverking og avgift av kolsyreholdige alkohol-frie drikkevarer*

*mellombels lov 17. juni 1949 nr. 7 om omfram avgift av bensin*

*lov 28. juli 1949 nr. 19 om folkehøgskular*

## **1950**

*lov 14. juli 1950 nr. 10 om valutaregulering*

*lov 8. desember 1950 nr. 3 om norsk riksborgarrett*

*lov 15. desember 1950 nr. 3 om forbod mot samkvem med personar som har tilhald på fiendeområde o.a.*

*lov 15. desember 1950 nr. 4 om fiendegods*

*lov 22. desember 1950 nr. 2 om jordskifte o.a.*

## **1951**

*lov 23. februar 1953 nr. 2 om magistergrad ved universitetet i Bergen*

*mellombels lov 30. mars 1951 nr. 2 om omframavgift på bensin*

*lov 29. juni 1951 nr. 3 om fornminne*

*mellombels lov 29. juni 1951 nr. 14 om avgift på forbruk av elektrisk energi*

## **1952**

*midlertidig lov 14. mars 1952 nr. 6 om omframavgift på bensin*

*lov 28. juni 1952 nr. 4 om kunstig sædoverføring mellom husdyr*

*lov 24. oktober 1952 om godkjenning av entreprenørar som driv med husbygging eller anna byggerbeid*

**1953**

*mellombels lov 10. april 1953 om tilleggsavgift på bensin*

lov 29. mai 1953 nr. 1 om rett for handverkarar o.a. til å selja ting som ikkje vert henta

lov 29. mai 1953 nr. 3 om hittegoods

*lov 3. juli 1953 nr. 1 om avgift på konserver av kjøtt og flesk, grønnsaker, frukt og bær til eit fond for vitskapleg forskning*

lov 3. juli 1953 nr. 2 om sjøtrygdslag

*mellombels lov 17. juli 1953 nr. 30 om høve til regulering av rente og provisjon*

**1954**

*mellombels lov 9. april 1954 nr. 2 om tilleggsavgift på bensin*

*lov 8. juli 1954 nr. 3 om forsøk i skolen*

**1955**

*mellombels lov 18. mars 1955 nr. 1 om tilleggsavgift på bensin*

*lov 18. mars 1955 nr. 2 om tilskiping av jordbruk (jordlova)*

lov 30. juni 1955 nr. 20 om når norsk tenestemakt kan halda brudvigjing i utlandet og utenlandsk [sic] i Noreg

**1956**

*lov 14. juni 1956 nr. 3 til å fremja umsetnaden av jordbruksvarer*

*mellombels lov 29. juni 1956 nr. 8 om eigeomsretten til fiske- og fangstfarkostar*

*lov 21. desember 1956 nr. 8 om gransking av arvemerke til bruk i barnefarsak*

*lov 21. desember 1956 nr. 9 om born i ekteskap*

*lov 21. desember 1956 nr. 10 om born utanom ekteskap*

**1957**

*lov 5. april 1957 nr. 3 om hotell og andre herbyrge og serveringsstader*

**1958**

*mellombels lov 28. mars 1958 nr. 1 om tilleggsavgift på bensin*

*mellombels lov 13. juni 1958 nr. 2 om når oreigning kan setjast i verk før det er haldi skjøn*

*lov 19. desember 1958 nr. 3 om arbeidsvilkår for arbeidarar i jordbruket*

**1959**

*lov 10. april 1959 nr. 1 om folkeskolen*

*lov 29. april 1959 nr. 1 om odontologisk eksamen*

*lov 28. mai 1959 nr. 12 om kvalitetskontroll med fisk og fiskevarer o.a.*

*lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eigeidom*

*lov 18. desember 1959 nr. 1 om mortifikasjon av skuldbrev m.v.*

**1960**

*lov 2. juni 1960 nr. 27 om skipsmaskinistar*

*lov 17. juni 1960 nr. 1 om rett til fotografi*

*lov 11. november 1960 nr. 2 om svangerskapsavbrot i visse høve*

**1961**

*lov 3. februar 1961 om ansvar for skade som motorvogner gjer (bilansvarslova)*

*lov 5. mai 1961 om grannegjerde*

*mellombels lov 9. juni 1961 nr. 18 om floghavre*

*lov 16. juni 1961 nr. 7 om lensmenn*

*lov 16. juni 1961 nr. 12 om ymse beitespørsmål*

*lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar (grannelova)*

## **1963**

*lov 5. april 1963 nr. 9 om plantevernmiddel*

*lov 26. april 1963 nr. 1 om matematisk-naturvetskafeleg [sic] og historisk-filosofisk embetseksamen av lågare grad ved Noregs lærarhøgskole*

*lov 15. mai 1963 nr. 1 om Noregs handelshøgskole*

*lov 31. mai 1963 om rekkjefylgja for krav ved konkurs o.a. (prioritetslova)*

*lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar (veglova)*

## **1964**

*lov 14. mars 1964 nr. 1 om tiltak mot plantesjukdomar og skadedyr på planter*

*lov 3. april 1964 nr. 1 om mellomfolkeleg-privatrettslege reglar for lausøyrekjøp*

*lov 15. mai 1964 nr. 2 om fagskulane i landbruket*

*lov 29. mai 1964 nr. 1 om personnamn*

*lov 20. juni 1964 nr. 1 om enkje- og morstrygd*

*lov 4. desember 1964 nr. 1 om fristar og betalingsutsetjing og ymist anna i serlege tilhøve*

## **1965**

*lov 9. april 1965 nr. 3 om strafferettslege åtgjerder mot unge lovbrytarar*

*lov 18. juni 1965 nr. 6 om sameige*

*lov 25. juni 1965 nr. 1 om forpaking*

## **1966**

*lov 9. desember 1966 nr. 1 om hevd*

## **1967**

*lov 8. juni 1967 nr. 3 om å setja i verk avtala 18 mars 1965 om løysing av tvistar mellom ein stat og borgarar i andre statar om investeringar*

*lov 7. juli 1967 nr. 8 om skattefri avsetnad til premiefond for arbeidsgjevaravgift til folketrygda*

## **1968**

*lov 7. juni 1968 nr. 2 om farmasøytisk embetseksamen*

lov 29. november 1968 um særlege råderettar over framand eigedom

## **1969**

lov 10. april 1969 nr. 17 om hendelege eigedomshøve

*lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen*

lov 13. juni 1969 nr. 25 om trudemssamfunn og ymist anna

*lov 19. juni 1969 nr. 49 om stønad til ungdom i vidaregåande utdanning*

*lov 19. juni 1969 nr. 50 om kateketteneste*

## **1970**

lov 6. mars 1970 nr. 5 om avgrensing i retten til å sleppa hingstar, oksar, verar og geitebukkar på beite

*lov 20. mars 1970 nr. 15 om lokaliseringsrettlegg*

*lov 19. juni 1970 nr. 59 om handverksnæring*

## **1971**

lov 17. desember 1971 nr. 106 om kristendomsundervisning ved vidaregåande skole, høgskole og universitet

## **1972**

lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv m.m.

*lov 28. april 1972 nr. 22 om Statens Fiskarbank*

*lov 16. juni 1972 nr. 45 om Statens reseptarskole*

*lov 23. juni 1972 nr. 69 om offentleg godkjenning av pleiarar i psykiatriske sjukehus*

## **1973**

*lov 23. februar 1973 nr. 11 om godkjenning av køyretøyverkstader*



*lov 16. mars 1973 nr. 16 om grensene for Molde Hamnedistrikt*

*lov 23. mars 1973 nr. 18 om tilsyn med fôrvarer*

*lov 8. juni 1973 nr. 49 om lærarutdanning*

#### **1974**

*lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter*

*lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten (odelslova)*

*lov 20. desember 1974 nr. 73 om dyrevern*

#### **1975**

*lov 21. mars 1975 nr. 8 om nordisk vitneplikt*

*lov 30. mai 1974 nr. 20 om tomtefeste*

*lov 6. juni 1975 nr. 29 om eideomsskatt til kommunane*

*lov 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i stats-allmenningane (fjellova)*

*lov 19. desember 1975 nr. 71 om elev- og studentsamskipnad i Rogaland*

#### **1976**

*lov 20. februar 1976 nr. 5 om samtykke til utbygging av næringsverksemd og om rettleiing av stadval (Etableringslova)*

*lov 4. juni 1976 nr. 63 om samferdsel*

#### **1979**

*lov 21. desember 1979 nr. 68 om grensene for Flora Hamnedistrikt*

*lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven)*

#### **1980**

*lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste*

#### **1981**

*lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova)*

*lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn*

**1983**

*lov 3. juni 1983 nr. 48 om Universitetet i Trondheim*

**1984**

*lov 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved overføring av fast eiendom*

*lov 8. juni 1984 nr. 64 om folkehøgskolar*

**1985**

*lov 8. februar 1985 nr. 1 om lønsnemndhandsaming av arbeidstvistane ved Norsk Hydro A/S i samband med tariffrevisjonen pr. 31. desember 1984*

*lov 10. mai 1985 nr. 26 til vern om vitenskaplege stillingar*

*lov 14. juni 1985 nr. 73 om tilskot til private grunnskular og private skular som gjev vidaregåande opplæring (privatskulelova)*

**1987**

*lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram*

**1988**

*lov 10. juni 1988 nr. 46 om kabelsendingar*

**1989**

*lov 9. juni 1989 nr. 32 om avleveringsplikt for allment tilgjengelege dokument (pliktavleveringslova)*

**1990**

*lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova)*

**1991**

*lov 8. november 1991 nr. 76 om kommunale og fylkeskommunale eldreråd*

**1992**

*lov 3. juli 1992 nr. 93 om avhending av fast eiendom (avhendingslova)*

*lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv*

## **1994**

lov 6. mai 1994 nr. 10 om gjennomføring av Konvensjonen om forbod mot utvikling, produksjon, lagring og bruk av kjemiske våpen samt øydelegging av dei

lov 16. juni 1994 nr. 24 om tekniske kontrollorgan som har til oppgave å gjennomføre samsvarsvurderingar

*lov 24. juni 1994 nr. 44 om at tilsette i Televerket mellombels skal behalde visse rettar etter lov 4. mars 1983 nr. 3 om statens tjenestemenn ved overgang til selskap utskild frå Televerket*

*lov 24. juni 1994 nr. 45 om omdanning av forvaltningsbedrifta Televerket til aksjeselskap*

lov 9. desember 1994 nr. 64 om løysingsrettar

## **1995**

*lov 27. april 1995 nr. 16 om trygg bruk av fritidsfartøy*

lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)

*mellombels lov 30. juni 1995 nr. 48 om arbeidsløyve eller opphaldsløyve til personar frå Bosnia-Hercegovina*

## **1996**

lov 22. mars 1996 nr. 16 om regulering av byggje- og anleggsverksemd

lov 7. juni 1996 nr. 33 om Opplysningsvesenets fond

lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste

## **1997**

lov 6. juni 1997 nr. 32 om innførsle- og utførslereregulering

lov 13. juni 1997 nr. 43 om avtalar med forbrukar om oppføring av ny bustad m.m. (bustadoppføringslova)

## **1998**

lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

## **1999**

lov 18. juni 1999 nr. 40 om gjennomføring av Traktat om totalforbod mot kjernefysiske prøvesprengingar [Lova har enno ikkje teke til å gjelda.]

lov 16. juli 1999 nr. 68 om omdanning av Noregs Kommunalbank til aksjeselskap

lov 22. desember 1999 nr. 105 om handelsverksemd med brukte og kasserte ting (brukthandelova)

## **2000**

*lov 23. juni 2000 nr. 53 om plantehelse*

*lov 21. desember 2000 nr. 118 om havbeite*

## **2001**

lov 27. april 2001 nr. 14 om iverksetjing av internasjonale, ikkje-militære tiltak i form av avbrot eller avgrensing av økonomisk eller anna samkvem med tredjestatar eller rørsler

lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

## **2002**

lov 26. april 2002 nr. 12 om notarius publicus

*mellombels lov 21. juni 2002 nr. 29 om overgangsreglar i lov 6. mai 1988 nr. 22 om lønnsplikt under permittering*

lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova)

## **2003**

lov 6. juni 2003 nr. 38 om bustadbyggjelag (bustadbyggjelagslova)

lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova)

lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova)

lov 12. desember 2003 nr. 115 om statleg varekrigsforsikring

**2005**

lov 4. mars 2005 nr. 12 om handheving av det frie varebyttet innan EØS

lov 29. april 2005 nr. 21 om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova)

lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova)

lov 21. desember 2005 nr. 126 om kosmetikk og kroppspleieprodukt m.m. (kosmetikklova)

**2006**

lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)

lov 18. august 2006 om beredskapslagring av petroleumsprodukt

**2007**

lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak (samvirkelova)

lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styresmaktens ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

**2008**

lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)

lov 6. juni 2008 nr. 38 om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova)

lov 13. juni 2008 nr. 41 om redaksjonell fridom i media

**2009**

lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken

lov 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova)

## **2010**

lov 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova)

## **2012**

lov 20. januar 2012 nr. 4 om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven)

lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg

lov 22. juni 2012 nr. 58 om Patentstyret og Klagenemnda for industrielle rettar (patentstyrelova)

lov 24. august 2012 nr. 64 om bustøtte (bustøttelova)

lov 14. desember 2012 nr. 81 om gjennomføring i norsk rett av EØS-avtalen vedlegg V punkt 2 (forordning (EU) nr. 492/2011) om fri rørsle av arbeidstakarar innanfor EØS-området (EØS-arbeidstakarlova)

## **2013**

lov 21. juni 2013 nr. 75 om førstehandsomsetning av viltlevande marine ressursar (fiskesalslagslova)

lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova)

## **2014**

lov 6. juni 2014 nr. 19 om stans i utbetalinga av offentlege ytingar og barnebidrag når ein av foreldra har bortført eit barn til utlandet

## **2015**

lov 7. mai 2015 nr. 25 om donasjon og transplantasjon av organ, celler og vev (transplantasjonslova)

lov 7. mai 2015 nr. 26 om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning (obduksjonslova)

lov 12. mai 2015 nr. 27 om forsvunne personar

lov 19. juni 2015 nr. 58 om krav til kassasystem (kassasystemlova)

lov 11. desember 2015 nr. 99 om konsortium for europeisk forskingsinfrastruktur (ERIC-lova)

# «Problemet» nynorsk

Line Johanna L. Hanøy og Gunnar O. Hæreid

## Kort om Juristmållaget

Juristmållaget

- er eit yrkesmållag i Noregs Mållag
- vart skipa i 1934 (og oppattskipa i 1954)
- hadde 105 betalande medlemmer ved årsskiftet til 2015 og 214 følgjarar på Facebook hausten 2015
- arbeider for
  - meir bruk av nynorsk som lov- og rettspråk og som arbeidsspråk blant juristar og jusstudentar
  - klarspråk.
- held årlege skriveseminar for jusstudentar og juristar
- held uformelle treff i Bergen, Oslo, Leikanger og Førde
- er eit ressursmiljø for Noregs Mållag
- deler kvart år ut ein målpris til personar eller institusjonar som har gjort ein framifrå innsats for bruk av nynorsk som rettspråk
- gav i samband med 75-årsjubileet i 2009 ut festskriftet *Mål og rett. Juristmållaget 75 år* med 28 artiklar om ulike sider i krysspunktet mellom nynorsk og juss

## «Problemet» nynorsk

Nynorsk, er det egentleg noko problem?

Useriøse røyster har teke til orde for at nynorsk kan vera eit problem på fleire måtar, til dømes:

- Dårleg karakter i nynorsk fører til frustrasjon, at elevar sluttar på skulen og byrjar med kriminalitet.
- Politiet har nok å gjera med å handheva lover om dei ikkje sjølve skal måtta etterleva mållova.

Me vil heller leggja vekt på kva problem nynorsken støyter på.



## **Nynorsk som problem for brukarane (= nynorskskrivande juristar)**

1. Nynorskskrivande juristar har små problem med å nytta målforma si i statleg forvaltning. Mållova gjeld for ekstern kommunikasjon, og då må dei nytta både bokmål og nynorsk. I intern kommunikasjon er det stort sett akseptert å nytta nynorsk. Nynorskbrukarar vert sette pris på fordi dei er ein ressurs for arbeidsgjevaren og gjer det lettare for statsorgan å oppfylle krava mållova.
2. I private advokatfirma er det meir varierende. Historisk sett har det aldri vore så lett å vera nynorskbrukar. Det er høve til å koma til eit stort firma som fersk advokatfullmektig og kunna skriva ein del nynorsk. Men det er avhengig av kven som er oppdragsgjevar, og kven ein skriv saman med i firmaet. Unntaksvis har me høyrte om små firma som krev at all skriftleg kommunikasjon, også internt, skal vera på bokmål. Då er det snakk om mobbing og diskriminering.
3. Oslo bystyre vedtok 5. mai 1977 at administrasjonsspråket i kommunen skulle vera bokmål. Vedtaket gjer at nynorskskrivande tilsette ikkje har lov til bruka si eiga målform i noko dokument i Oslo kommune, heller ikkje i interne e-brev. Det er systematisert mobbing og eit uttrykk for at nynorskskrivande ikkje er velkomne i hovudstaden. Rett nok er det skilnad mellom liv og lære, og me har høyrte at ikkje alle kommunale etatar etterlever vedtaket. Men me har òg høyrte om etatar som etterlever det slavisk. Vedtaket er paradoksalt, når Oslo kommune er språkleg nøytral etter mållova. Dersom Oslo for alvor ønskjer å markera seg som ein hovudstad for heile landet, vil det vera eit enkelt grep å gjera om vedtaket.

## **Problem for nynorsken**

Etter mållova skal det vera minst 25 prosent nynorsk i utetterretta dokument frå statsetatar med heile landet som tenestekrins. Målbruksstatistikken viser år etter år at dei fleste departementa ikkje brukar nok nynorsk. Det manglar vilje til å følgja krava i mållova.

Å etterleva krava i mållova er, som alle andre tenesteplikter for statsorgan, eit leiaransvar. Ansvaret kan ikkje leggjast på einskildpersonar eller eldsjeler i organisasjonen. Fleire dømme viser at dersom leiinga går inn for å følgja mållova, tek det ikkje lang tid før krava er oppfylte:

- Samferdselsdepartementet gjekk frå å vera blant dei verste til dei beste til å følgja mållova på eit par år, under leing av statsråd Liv Signe Navarsete og statssekretær Steinulf Tungesvik.

- Politiet har ikkje vanskar med å kvitra på nynorsk på Twitter om dei berre får innarbeidd at det skal vera slik.
- Nav driv med systematisk språkarbeid som ber frukter.
- Gravferdsavgiftsavgiftsutvalet valde å skriva og gje ut NOU-en *Lik og likskap* (NOU 2014:2) nynorsk, trass i at verken sekretæren eller nokon av medlemmene brukar nynorsk til vanleg.

### **Føremonene med nynorsk som juridisk språk**

Nynorsk er eit klarare, meir folkeleg og presist språk enn bokmål. God nynorsk er rett og slett klarspråk.

Den direkte skrivemåten me har i nynorsk, liknar mykje meir på den direkte talemåten folk flest har, enn den juridiske stilen som tenderer mot kansellispråk. Dette er til dømes framheva av tidlegare dekan ved juridisk fakultet ved Universitetet i Bergen, bokmålsbrukaren Johan Giertsen, og rettskommentatoren i Aftenposten, bokmålsbrukaren Inge D. Hanssen.

Den nye Grunnlova, som vart vedteken i Stortinget 6. mai 2014, viser fortrinna til moderne nynorsk framføre den konservative bokmålsteksten, som også vart vedteken same dag. Her har me to offisielle tekstar med lik rang, og difor ei unik kjelde når me direkte skal samanlikna konservativ bokmål og moderne nynorsk. Eit tilfeldig valt døme er Grunnlova § 14, der bokmålsutgåva brukar «beskikke» og «forretninger» der nynorskutgåva brukar «utnemne» og «gjeremåla». Eit anna døme er Grunnlova § 100 som på bokmål går ut på at «[y]tringsfrihet bør finne sted», der det heiter «[y]tringsfridom skal det vere» på nynorsk.

At nynorsk er eit klarare og meir folkeleg språk enn konservativt bokmål, er også streka under av at moderne juridisk bokmål har teke opp i seg mange omgrep frå nynorsk, til dømes *søknad*, *trygd*, *vedtak*, *løyve*, *kostnad*, *påtalemakt*, *melding* og *fraværdsdom*.

### **Oppsummering**

I absolutte tal har det aldri vore fleire nynorskskrivande juristar enn i dag. Det har heller aldri vore lettare å skriva nynorsk som jurist enn i dag. Men det står att fordommar somme stader. Overordna ønskjer me oss først og fremst

- ei erkjenning av at både bokmål og nynorsk har kome for å bli

- ei erkjenning av at nynorsk har ein eigenverdi, både i juridiske tekstar og elles

Meir konkret ønskjer me oss

- meir vekt på klarspråk
- fleire lover og forskrifter på nynorsk
- at statsorgan med heile landet som tenestekrins etterlever kravet i mållova på 25 prosent nynorsk for informasjonstilfang og andre publikasjonar
- tilrettelegging for nynorske arbeidsgrupper på universiteta for jusstudentar
- slutt på mobbing av nynorskskrivande

## Om forfattarane

**Inge Lorange Backer** (f. 1946) er professor emeritus ved Institutt for offentlig rett ved Universitetet i Oslo. Han har tidlegare vore ekspedisjonssjef i lovavdelinga i Justisdepartementet. Siden oktober 2015 er han leiar for eit utval som hausten 2018 skal levera ei utgreiing til justisministeren om ny forvaltningslov.

**Eirik Holmøyvik** (f. 1978) er professor ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Han var medlem i utvalet som på oppdrag av Stortingets presidentskap utarbeidde framlegg til versjonar av Grunnlova på moderne nynorsk og bokmål (Graverutvalet).

**Bård Eskeland** (f. 1968) er seniorrådgjevar i Språkrådets seksjon for språk i skule og offentlig forvaltning. Han var medlem i utvalet som på oppdrag av Stortingets presidentskap utarbeidde framlegg til versjonar av Grunnlova på moderne nynorsk og bokmål (Graverutvalet).


**Martin Hill Oppegaard** (f. 1971) er jurist og fagdirektør i kommunalavdelinga i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Han var sekretær for utvalet som la fram NOU 2014:2 Lik og likskap, på nynorsk. Sidan september 2016 er han sekretær for eit utval som hausten 2017 skal levera ei utgreiing til kulturministeren om sundagsopne butikkar.

**Kjetil Aasen** (f. 1978) er rådgjevar i seksjon for språk i skule og offentlig forvaltning i Språkrådet. Han arbeider særleg med nynorsk språkrøkt i statleg forvaltning.

**Line Johanna L. Hanøy** (f. 1985) er jurist og rådgjevar i Nav tiltak Akershus. Ho er tidlegare styremedlem i Juristmållaget.

**Gunnar O. Hæreid** (f. 1970) er jurist og assisterande fylkesmann i Sogn og Fjordane. Han har tidlegare vore leiar i Juristmållaget. Han er sidan oktober 2015 medlem i eit utval som hausten 2018 skal levera ei utgreiing til justisministeren om ny forvaltningslov.





«*Elsker du juss, vil du elske nynorsk!*» (Martin Hill Oppegaard)

Med denne artikkelsamlinga vil Språkrådet fremja medvitet om og interessa for nynorsk lovspråk. Utgangspunktet for artiklane er innlegg på eit seminar om nynorsk lov- og rettspråk som Språkrådet skipa til 30. oktober 2014. Seminaret er eit ledd i arbeidet for godt og klart lovspråk. Vi vonar at heftet kan vera til nytte og inspirasjon for juristar og andre som skal skriva lov- og forskriftstekstar på nynorsk.